



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/19	Formannskapet	06.06.2019
046/19	Kommunestyret	20.06.2019

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
16/1176 - 19/4402	K2 - X31, K3 - &00	Guri Olsen	28.05.2019

### Forskrift om politivedtekt - forslag til nye

#### Saka gjeld:

Gjeldande politivedtekt for Aurland kommune er vedteke av kommunestyret

1. november 1965.

Desse er ikkje lenger i samsvar med tida og tilhøva i kommunen og det er på tide å vedta nye. Heimel for lokale poltivedtekter er politilova av 1995 § 14.

Politivedtekter er lokal forskrift og saksgang følg forvaltningslova kapittel VII.

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til ny forskrift om politivedtekt - Aurland kommune. Kommunestyret ber rådmannen legge vedtekta ut på høyring.

### Saksframlegg

Forskrift om politivedtekt for Aurland kommune er frå 1965.

OOK bad i møte 03.10.16 om gjennomgang av politivedtektene.

Politivedtektene for kommunar vert utarbeidd etter eit utkast frå politidirektoratet;

Normalpolitivedtekten. Den gamle var frå 1996. Det vart starta eit arbeid med å utarbeide nytt utkast til forskrift om politivedtekter i 2017. Så starta politidirektoratet ein gjennomgang av normalpolitivedtekten, og arbeidet i kommunen vart lagd på vent. Det kom nytt rundskriv om ny normalpolitiforskrift for kommunane i 2018.

Denne ligg til grunn for forslaget som no er utarbeidd.

Det vert stilt krav om involvering frå politiet ved utarbeiding av politivedtekter, av den grunn det er politiet som skal handheve dei.

Lensmannen har vore involvert og bidrege i arbeidet med utarbeiding av ny politivedtekt for kommunen. Det har vore arbeidsmøte mellom administrasjonen og politiet 11.04.19, og utkastet har vore gått igjennom i politiråd 29.04.19.

Det er kome forslag om:

- Forbod mot drikking på offentleg plass
- Forbod mot urinering på offentleg plass
- Forbod mot tiging
- Forbod mot basehopping / ekstremспорт
- Forbod mot dronflyging
- Forbod mot å kaste sigarettneipar
- Påbod om å plukke opp ekskrement etter hund
- Krav om løyve frå politiet for bogeskyting og økseasting på line med krava som vert sett til skytebane

Etter dette har innkomne forslag / innspel vore gått igjennom av administrasjonen og vurdert opp i mot tekst i normalpolitivedtekten og kva det er heimel for å regulere i ein politivedtekt. Ein har også sett til andre kommunar, men det er få som har revidert sine politivedtekter etter den nye normalpolitivedtekten som kom i 2018. Politivedtekter for alle kommunar litt tilgjengeleg på lovdata.

Utkastet som no ligg føre har etter dette vore sendt til gjennomlesing av mellom anna lensmannen og ordførar. Det var då ingen merknadar.

Heimel:

Politolova § 14 og politidirektoratets rundskriv 2018/002 - Normalpolitivedtekt

Forskrift om politivedtekt vert fastsett med heimel i lov av 4. august 1995 om politiet (politilova) § 14. Heimelen set skrankar for kva ein kommune kan regulere i lokal politivedtekt, samt kva som er naturleg å ta inn i ein slik vedtekt.

Etter at normalpolitivedtekten av 1996 vart vedteken har det vore ein rekke endringar i kva som kan regulert i ein politivedtekt. Nye reglar er teke inn, og ein del er teke ut av den grunn dei vert regulert av anna lovgiving. Til dømes tiggning, pantelånarverksemd, bandtvang og røykeforbod. Av den grunn vart det utarbeidd ei ny normalpolitivedtekt med kommentarar av 2018.

Politilova § 14 er ein fullmaktsregel som vert bygd på den prinsipp om av politivedtekter ikkje skal regulere forhold:

- Som er fullt ut regulert i anna lovgiving
- Som andre myndigheiter har overteke det faglege ansvaret for
- Som etter sin art bør være politiet uvedkommende
- Som ikkje er hensiktsmessig eller vert vurdert som overflødig etter samfunnet i dag og alminnelege tolegrensar.

Etter ein lovendring i 2012 er det adgang for kommunane ved forskrift sjølve å handheve deler av dei kommunale vedtektene, jfr normalpolitiforskriften § 9-3. Dette gjeld handheving knytt til brot på vedtektene om forsøpling og tilgrising § 5-1, reinhald av fortau § 4-4, snørydding § 4-2. fare for takras § 3-9 med fleire. Adgangen til handheving er nærare regulert i forskrift av 19. juni 2012 nr 600 om kommunal handheving av politivedtekter.

### Saksgang:

Ein politivedtekt er ein forskrift. Sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kapittel VII kjem til anvending. Politiet skal delta i prosessen og være høyringsinstans. I Aurland har lensmannen vore vår kontakt og delteke i prosessen.

Når kommunestyret har vedteke forslaget til ny politivedtekt, skal forslaget bli sendt på høyring. Dette betyr at forskrifta skal gjerast kjent og tilgjengeleg for innbyggjarane og aktuelle instansar igjennom media, kommunens heimeside, kommunetorg osv. Høyringsuttalane skal i utgangspunktet være skriftlege jfr forvaltningslova § 37 5. ledd.

Når høyringsfristen er ute, vert innspela handsama av administrasjonen. Deretter

vedtek kommunestyret den endelege ordlyda i vedtektene.

Kommunestyret sitt endelege vedtak om ny politivedtekt vert etter dette sendt over til Politidirektoratet for legalitetskontroll, stadfesting og kunngjøring i Norsk Lovtidend.

## **Vurdering**

Dei gjeldande politivedtektene av 1965 er kort sagt forelda. Det vert av den grunn utarbeid eit heilt nytt forlag til forskrift om politivedtekt for kommunen. Forslaget er fullt og heilt basert på normalpolitivedtekten av 2018 jfr rundskriv frå Politidirektoratet.

Av kommentarar vert det i hovudsak vist til endringar frå tidlegare normalpolitivedtekt frå 1996. Det er ikkje utarbeidd lovspegel frå gjeldande forskrift i Aurland frå 1965 til forslaget til ny politivedtekt.

### Kapittel 1. Allmenne Føresegner.

Kapitlet er definisjonar og inneber ingen realitetsendring frå tidlegare.

### Kapittel 2. Orden på Offentleg stad

#### § 2-1 Ro og orden på offentlig stad

Føresegna er endra frå tidlegare ved at det er lagt til eit nytt 2. ledd om nattero. Den gjev ein standardisert formulering, plassering og er stadfesta i fleire kommunars vedtekter. Den er meint å ta i vare personar som bur i nærleiken av musikk og feststøy. Den er ikkje til hinder for at politiet kan gi dispensasjon etter søknad i samband med større arrangement. Til dømes Aurlandsmarknaden.

§ 2-2 er ny. – Køyning, camping mv i parkar, grøntareal, friområda og liknande.

Denne regulerer bruk og parkering av motorkjøretøy samt camping, telting osv. i

offentlege parker, grøntarealer, friområde og liknande.

Dette er ein regel som har vore etterspurd av fleire kommunar.

Rådmannen rår til at dette vert teke inn i politivedtektene. Eit døme frå i fjor sommar, er at det har vore fleire bubilar som har overnatta på parkeringa under rådhuset, samt fleire telt på grøntområdet mellom rådhuset / banken og elva.

§ 2-3 er vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt.

Føremålet er behovet politiet har for å oppretthalde ro og orden.

§ 2-4 Tigging – *er ny*.

Kom inn i politilova § 14 1. ledd nr 8 ved lovendring i juni 2014.

Normalpolitivedtekten har 3 forslag til slik regulering:

1. Tigging på offentlig stad eller frå hus til hus er forbode
2. Tigging på offentlig stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet som kan setja vilkår om tid og stad for tigging.
3. Tigging på offentlig stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet.

Rådmannen rår til at alternativ 1 vert nytta. Dvs generelt forbod mot tigging.

Politiet ynskjer eit slikt forbod, av den grunn tigging i stor utstrekning er organisert kriminalitet og at der ligg føre fare for menneskjuhandel. Eit moment som også har komme fram kring temaet tigging, er omdøme til kommunen som turiststad. Eit klart forbod vil også forenkle politiet sin handheving.

§ 2-5 Farleg eller skremmande verksemd. – *lokal tilpassing*

Føresegna omhandlar tema som har vore praksis i ein rekkje kommunar over lang tid.

Rådmannen rår til at det vert lagt til eit lokalt punkt: ny nr 2, «å skyte med boge,

øksekasting og liknande utan løyve frå politiet».

Føresegna er ynskjeleg ut i frå lokale forhold, der ein ser behovet for å regulere bogeskyting og øksekasting, slik at dette krev løyve frå politiet slik som skytebanar. Det er eige regelverk som omhandlar mellom anna sikring rundt ei skytebane, og politiet ynskjer å ha høve til å sette liknande vilkår for regulering av banar for bogeskyting og øksekasting.

#### § 2-6 Kjøp og sal på offentleg stad – *lokal*

Forbod mot kjøp og sal av varer og tenester.

Rådmannen rår til at kommunen tilfører denne føresegna i vedtekta. Dette for å regulere torghandel osv. i kommunen. Da også for å omfatte også sal av tenester. Tidlegare normalpolitivedtekt hadde denne paragrafen, men omhandla berre sal av varer. Grunna utviklingen kommunen ser på torghandel i Flåm, er det tilrådd å også omfatte kjøp og sal av tenester.

#### § 2-7 Drikking på offentleg stad - *lokal*

Drikking på offentleg stad er pr i dag forbode etter gjeldande politivedtekter av 1965

§ 11: «på eller attmed offentleg stad er det forbode å drikka, skjenka eller byda fram rusdrykk»

Rådmannen rår til at forbodet mot drikking på offentleg stad vert vidareført, noko politiet stør opp under.

Det vert også tilrådd å definere kva ein meiner med «rusdrykk». I tilrådinga går ein for alkoholsvak drikk, dvs over 0,7 volumprosent alkohol.

Alkoholsvak drikk er jfr alkohollova § 1-3 2. ledd 2. pkt, alkoholhaldig drikk frå 0,7 til 2,5 volumprosent alkohol.

Dette ut i frå allmennpreventive og alkoholpolitiske omsyn. Politiet argumenter også med omsynet til kontroll av den grunn det vert lettere å handheve når all type alkohol er omfatta. Samt at også alkoholsvak drikk også gir promille.

### Kapittel 3. Sikring av ferdsla

### § 3-1 Hindringar

Endringar av språkleg karrakter, ingen realitetsendingar frå tidlegare.

### § 3-1 Dyr

Endringar av språkleg karrakter, Tidlegare opplisting av dyr, nå fellesbetegning husdyr.

Føresegna om sirkusdyr er teke ut då den ikkje lengre vert vurdert som relevant jfr anna lovgiving.

Det er ikkje heimel i politilova § 14 til å pålegge fjerning av Dyreekskrement. Dette føl av kommunen sin forskrift om utvida bandtvang for hund, vedteke av kommunestyret 8. april 2010 § 4 *«hundehaldar pliktar straks å fjerne ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad. – Ekskrement skal deponerast på dertil eigna stad og ikkje kastast i naturen»*

### § 3-3 Aktivitetar – lokal tilpassing

I det vesentlege ein vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt.

Ordlyden i føresegna som gir politiet adgang til å forby aktivitet; «kvar einaste form for» er særers vid.

Politolova gjev ikkje kommunane heimel til å fatte generelle forbod. Men det heimlar no at politiet kan gjera ein konkret vurdering av tilhøvet på den ein aktuell stad, og leggje ned eit forbod på den konkrete staden.

Forbod mot ekstremспорт, då særleg basehopping, har vore tema tidlegare i kommunen. Men det har ikkje lete seg gjere å få på plass eit generelt forbod.

Flyging med drone har vore tema siste tida, og har vore teke opp i kommunestyret.

Rådmannen rår til at kommunen legg til desse aktivitetane som lokal tilpassing av politiets adgang til å forby aktivitet; *»dette omfattar også basehopping og annan*

*liknande ekstremспорт, samt flyging med drone»*

Ved å tilføre dette vert det frå kommunen gjort klart at dei aktuelle aktivitetane har vore utfordrande og at det er ynskjeleg å gi politiet heimel til å regulere dette særskilt, noko politiet også har sett behovet for.

§§ 3-4 - 3-10

Er alle vidareføringar av tidlegare normalpolitivedtekt.

#### Kapittel 4. Reinhald på offentleg stad

§§ 4-1 – 4-3

Alle paragrafar er vidareføringar av tidlegar normalpolitivedtekt.

#### Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising

§ 5-1 Hindre forsøpling og tilgrising.

Forsøpling vert regulert både av veglova og forureiningslova. Politivedtektene bør innehalde praktisk viktige reglar med sikte på å oppretthalde eit godt lokalmiljø.

Fjerning av hundeeskrement vert regulert av kommunen sin forskrift om utvida bandtvang for hund, vedteke av kommunestyret 8. april 2010 § 4 «*hundehaldar pliktar straks å fjerne ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad. – Ekskrement skal deponerast på dertil eigna stad og ikkje kastast i naturen»*

Politiet oppmodar om at forbodet mot urinering blir innført. Urinering er ikkje regulert i gjeldande politivedtekt av 1965, og er noko dei ved fleire høve har sett behov for. Dette vert grunngeve ut i frå allmennpreventive omsyn for å forhindre tilgrising, forsøpling og lukt. Rådmannen rår til at det vert innført forbod mot urinering.

§ 5-2 Rydding ved kiosksal, arrangement og liknande.



Vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt.

## Kapittel 6. Offentleg anlegg

### § 6-1 Kyrkjegard og gravplass

Forbodet om laus hund er teke ut, av de grunn politilova § 14 ikkje lengre gir heimel for dette. Åtferd på gravplass er elles regulert i forskrift til lov om gravplass, kremasjon og gravferd. Ut over dette er det vidareføring.

## Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad

### § 7-1 Søknadsplikt for arrangement på offentleg stad

Demonstrasjonar, opptog, møter, stand og liknande er regulert i politilova § 11. Arrangementa fell inn under ytringsfridomen og det er ikkje heimel i politilova § 14 til å regulere dette i politivedtekt.

### § 7-2 Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement

Melding om slikt arrangement skal være skriftleg og leverast politiet i god tid på førehand. Meldinga skal også innehalde opplysningar om føremålet med arrangementet, omfanget, ansvarleg arrangør, tidspunkt, stad, tidspunkt og ordenstiltak arrangør set i verk.

Føremålet med slik melding, er at politiet når dei har kjennskap til slike arrangement, kan organisere og dimensjonere beredskapen sin i forhold til det aktuelle arrangement. Til dømes aurlandsmarknaden, eller jordeplerock i Lærdal, slik at politiet då kan prioriterer å ha ein patrulje til stades og gjerne har samarbeid med ambulansetenesta.

### § 7-3 Offentlege arrangement som barn har tilgang til

Vidareføring av tidlegare politivedtekt av 1965, der aldersgrensa var sett til 14 år.

Politolova med følgjande normalpolitivedtekten frå 1996 og aktuell

normalpolitivedtekt frå 2018 har sett aldersgrensa til 15 år.

Aldersgrensa er sett til 15 år for å harmonisere aldersgrensa i politiloven § 13, som skal ivareta born under 15 på offentleg stad etter kl. 22.00.

Føremålet med regelen er å ivareta barn under 15 år ved arrangement som er opne for alle aldersgrupper.

Det ligg ikkje til kommunen å endre aldersgrensa, då endring av aldersgrensa krev lovendring i politilova. Kommunen har ikkje slik fullmakt.

Ved arrangement med alkoholservering vert det vist til alkohollova med forskrift.

Rådmannen rår til at føresegna vert vedteken, då med politiet sin adgang til å gi dispensasjon for tilstellingar spesielt for barn og unge under 18 år.

## Kapittel 8. Pantelånarverksemd

### § 8-1 Pantelånarverksemd – *ny*

Føresegna var ikkje med i normalpolitivedtekten av 1996. Pantelånarverksemd var tidlegare regulert av lov om finnansieringsverksemd av 1988, men lova vart oppheva i 1999.

Dette er ikkje regulert av anna lovgivning enn politilova § 14.

Rådmannen finn det hensiktsmessig å ta inn ein standarformulering slik at det er regulert, dersom dette skulle bli aktuelt i kommunen i framtida.

## Kapittel 9. Ymse føresegner

### § 9-1 Forsømming av plikt.

Ingen endring

## § 9-2 Straff

Ingen endring

### Adgang til lokal handheving – *ny, men ikkje føreslege teken inn.*

Normalpolitivedtekten gjev heimel for at kommunen kan vedta lokal handheving av utvalde føresegrer. Det er få kommunar som har innført kommunal handheving. Mellom anna er det uklart om det føl økonomiske midlar med frå staten. Lillesand kommune er blant kommunane som siste året av omsyn til kapasitet og økonomi har frarådd kommunal handheving.

Av omsyn til økonomi og kapasitet vil ikkje rådmannen anbefale at dette vert innført. Det er av den grunn ikkje omtala i framlegget.

#### **06.06.2019 Formannskapet**

##### **Røysting**

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

#### **FS-030/19 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til ny forskrift om politivedtekt - Aurland kommune. Kommunestyret ber rådmannen legge vedtekta ut på høyring.  
Samrøystes

#### **20.06.2019 Kommunestyret**

Tilleggsforslag:

Endringsframlegg Anders Fretheim :  
§ 2-2 ordet overnatting skal inn i teksten.

Endringsframlegg Monica Finden:

§7-3 offentlig arrangement

Born under 15 år har ikkje tilgang til offentlig allment tilstelling etter kl. 22.00 utan at dei er i følgje med foreldre eller andre føresette.

##### **Røysting:**

Endringsframlegg Anders Fretheim: samrøystes

Endringsframlegg Monica Finden: samrøystes

Framlegg frå formannskapet med endringsframlegga: samrøystes

#### **KS-046/19 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek vedlagte forslag til ny forskrift om politivedtekt - Aurland kommune med følgjande endringar:

-§ 2-2 ordet overnatting skal inn i teksten.

-§7-3 offentlig arrangement: Born under 15 år har ikkje tilgang til offentlig allment tilstelling etter kl. 22.00 utan at dei er i følgje med foreldre eller andre føresette.

Kommunestyret ber rådmannen legge vedtekta ut på høyring.

Samrøystes

**Vedlegg:**

20161108105034302.pdf

Arbeidsmøte 11.04.19 - Gjennomgang utkast til ny forskrift om politivedtekter

Politiråd - Gjennomgang utkast til politivedtekter

NY FORSKRIFT OM POLITIVEDTEKTER FOR AURLAND KOMMUNE

Forskrift om politivedtekter i Aurland kommune - nye

notat gjennomgang av tidligere utkast til ny politivedtekt opp i mot ny normalpolitivedtektav 2018

rpod\_rundskriv\_rpod-2018-2

Politidirektoratets rundskriv 2018/002 av 12. februar 2018